

Vindilhytta

Velkomen til trivelege Vindilhytta i Gjøvdal. Betjent turisthytte for overnatting, middag, selskap, små kurs og seminar.



- EI LIVSKRAFTIG KJEMPE I HJARTET AV AGDER



I heiane innanfor

Ved sørenden av Nesvatn i Aust-Agder, 500 meter over havet og heilt øvst i Gjøvdal ligg Vindilhytta. Den Norske Turistforening bygde hytta i 1970, og Astrid Raudåna tok over i 1996. Astrid eig og driv Vindilhytta framleis. Ho tek i mot, ho lagar mat og ho passar på at alle får eit godt opphald.

Norsk og nøktern

Vindilhytta har sengeplassar til 20, fordelt på åtte soverom. Dusj og toalett er felles. I den kombinerte spisesalen og peisestova er det plass til 40. Maten er heimelaga og det meste kjem frå det norske kjøkken. Ute er det både bakaromn for brød og pizza, grill og mange sitjeplassar.

Storslagen natur

Rundt Vindilhytta er det flott å gå turar opp på fjellet, eller reise på fisketur i Nesvatn. På hausten er det oftast mykje sopp og bær. Gjøvdal er ein frodig dal med rikt dyreliv. Restane etter ein jernaldergard er verdt å besøke, og for dei som ynskjer å bade, er der mange fine badeplassar. Gjøvdal er klar for folk som likar friluftsliv heile året.

Opningstider og prisar

Døgnopent for overnatting og servering – heile juli samt påska
Helgeopent for overnatting og servering – juni, august, september.
Opningstidar: 1300 – 1800 (gjeld når Vindilhytta er open).
For grupper opent heile året

Prisar: Frå kroner 220 pr. person utan sengetøy, kroner 300,- med sengetøy.

Avstander: Kristiansand 135 km. Arendal 105 km.

Meir informasjon finner du på vindilhytta.no og www.arendal.com



20 sengeplassar, samt nokre madrasser ved behov)



30 spiseplassar



Øl og vinrettigheiter



Eit godt utgangspunkt for turar i skog og på heia



Flotte fiskemoglegheiter

Vindilhytta

Gjøvdal
4865 Åmli
Telefon 90 66 64 30

vindilhytta@hotmail.com

